

Biskopens preken på jubileumshøymessen

12. september i Bragernes kirke

Matt 21,12-16

Så gikk Jesus inn på tempelplassen og jaget ut alle dem som solgte og kjøpte der. Han veltet pengevekslernes bord og duehandlernes benker¹³ og sa til dem: «Det står skrevet: Mitt hus skal kalles et bønnens hus. Men dere gjør det til en røverhule.»

¹⁴ På tempelplassen kom noen blinde og lamme til ham, og han helbredet dem. ¹⁵ Men da overprestene og de skriftlærde så undrene han gjorde og hørte barna som ropte i helligdommen: «Hosianna, Davids sønn!» ble de forarget ¹⁶ og spurte ham: «Hører du hva de sier?» «Ja», svarte Jesus. «Har dere aldri lest:

Fra småbarns og spedbarns munn
har du latt lovsang lyde!»

Fra småbarns og spedbarns munn ...

Kjære menighet. Kjære korsangarar og medarbeidarar i menigheten, lønna og ulønna.
Kjære Drammen by.

Til lykke med dagen og feiringa av 150-årsjubiléet!

Det er vanskeleg å fatte den store tragedien som bybrannen i 1866 var for Drammens befolkning.

Fem tusen menneske vart huslause, dvs 38 % av byens innbyggjarar. 388 bygningar gjekk tapt.

Sjølv knelte sokneprest Jørgen Moe foran alteret i bønn og fortvilelse, og han lot seg berre motvillig trekkje ut av den brennande kyrkja i tide.

Fem år seinare song han i lag med menigheten – slik vi gjorde det ved innleiinga av dagens gudsteneste:

*Thi se, på denne Dag
I Flammehavets Brag
Sank By og Herrens Hus
Nu staa det reist af Grus
Mens Takkesalmer klinger.*

Viljen til å stå saman om å gjenreise byen frå den rykande branntomta er imponerande. Den store tragedia vart snudd til ei fantastisk mulegheit. Av asken vaks det fram ein moderne bydel her på Albums løkke – med teateret, rådhuset, børsen og Bragernes kirke.

Bragernes kirke har vore hovudmotivet i Drammens bybilde gjennom alle desse 150 åra. Ein samlingsplass for drammensarar i glede og sorg, i kvardag og fest.

Mykje vatn har rent gjennom Drammenselva sidan 1871, og store endringar har byen gjennomgått, men kyrkja har stått her som eit vitnemål om dei store samanhengane, som eit teikn på Guds rikes nærver midt iblant oss.

I dag kjenneteiknast Bragernes kirke av eit yrande liv, ikkje minst takka vere den blomstrande musikalske virksomheita, som har bidratt til å opne kyrkjedørene og inkludere store og små i korarbeid, gudstenesteliv og konsertvirksomheit.

Kjære alle dykk som bidrar til å fylle dette huset med liv både på søndagar og kvardagar, gratulerer med dagen – og takk for dykkar trufaste innsats!

Vi har høyrst prosten lese den dramatiske evangelieteksten om Jesu oppgjer med pengevekslarane og duehandlarane på tempelplassen i Jerusalem. Han var inderleg opprørt over at dette bønnens hus var blitt omgjort til ei røvarhule.

Det er ikkje ofte vi møter Jesus så engasjert, ja, han opptrer nesten som ein illsint demonstrant!

Det er ikkje så rart at det var pengevekslarar i nærheita av templet, for ein kunne ikkje betale tempelskatten med romerske eller greske myntar som var prega med heidsenske motiv. Og sidan duer var det vanlegaste offeret dei fattige brakte med seg, var det praktisk at duehandlarane var på plass.

Likevel blir altså Jesus så opprørt. Kanskje fordi han såg at butikkvirksomheita overskygga gudstenesta og det åndelege livet som skulle prege templet.

Etter at han har velta borda og benkane og har jaga heile markedet på dør, vender han seg til dei blinde og lamme og helbredar dei.

Dette ser vi igjen og igjen i Jesu virksomheit: han brydde seg lite om farisearane sine reglar – viss dei kom i vegen for menneskas behov for omsorg, for kjærleik og helbredelse.

Slik som da han helbreda på sabbaten, så reagerer overprestane og farisearane også denne gongen med forargelse.

På helbredelsane hans - og på barnesangen! Barna som ropte «Hosianna, Davids sønn!»

Dessverre har denne historia gjentatt seg tallause gonger gjennom kyrkjehistoria. Prestar og leiarar og andre som meiner seg å vite kva som sømmer seg i Guds hus, har sendt strenge blikk og irettesettande ord i retning av uromakarane.

Nokre gonger var det barn som ikkje greidde å sitte stille nok i kyrkjebenken.

Andre gonger var det kunstnarar eller musikarar som braut med maktas skrevne og uskrevne reglar for kva som er passande uttrykk, kva som er vakkert eller sømmeleg.

Som om Gud først og fremst skulle vere opptatt av orden og disiplin. Som om Gud ikkje skulle fryde seg over livsutfoldelse og glede!

«Har dere aldri lest: Fra småbarns og spedbarns munn har du latt lovsang lyde.»

Med desse enkle orda, som er eit sitat frå Salme 8 i Det gamle testamente går han i rette med dei religiøse autoritetane.

Den Gud som har bredt ut sin prakt over himmelen og som lar seg hylle og tilbe av heile kosmos, han har aller størst glede av den lovsangen som kjem frå småbarn og spedbarn.

Dersom de tier, skal steinene rope, svarte han på farisearane si klage.

Den Gud som har skapt verda og alt som er i den, han som er herre over himmel og jord, han set oss alle inn i eit gigantisk lovsangskor – i lag med alle englar og himler og makter, i lag med profetar og apostlar og martyrar, slik det heiter i den mektige teksten frå 400-talet til Te Deum Laudamus, og som kantor Jørn Fevang har skreve ein ny versjon av til jubiléet.

I dette lovsangskoret er vår deltaking simpelthen å vere det Gud har skapt oss til.

Det er rom for heile livet vårt her i kyrkja.

Vi får kome som vi er, ærleg og utan å forstille oss, med vår bønn og vår takk, vår klage og vår lovsang, med våre byrder og nederlag, og Gud tar imot oss og alt vi ber på.

Slik ei mor og ein far tar imot det lille barnet sitt med ei open famn, slik tar Gud imot oss heilt utan forbehold.

Han elsker det ærlege, ekte og naturlege ropet frå barnemunnar – i alle aldrar!

Når eg ser tilbake på det siste halvanna året med alle dei begrensingar pandemien har lagt på oss, er noko av det eg har sakna mest fellesskapet i songen. Å oppleve at kyrkjerommet fyllast av musikken og songen som løftar seg på sine heilt eksepsjonelle vinger, ja, då kjenner eg djupt i sjela at eg finn kvile.

Midt i alle livets påkjenningar, midt i brytinga mellom trua og tvilen, midt i alt det som ikkje vart slik eg hadde tenkt, får eg i dette rommet påminninga om at Gud alltid er større enn mine tankar. Her får eg påminninga om at ved sin oppstandelse har Jesus overvunne alle dødskrefter og alt mørke. Tidemands altertavle her i Bragernes minner oss om at når det ser som mørkast ut, kan lyset bryte gjennom.

Jesus kjem oss i møte med ei open og kjærleg favn og seier: Her høyrer du heime!

*Ære være Faderen og Sønnen og Den hellige ånd, som var og er og blir én sann Gud fra evighet til evighet.
Amen.*